



KYSTVERKET

TIPPETUE ARKITEKTER AS
Vetrlidsallmenningen 29
5014 BERGEN

Vår ref
2023/3162-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
08.08.2023

Fråsegn til planprogram og endring av detaljreguleringsplan - PlanID 4635-2023002 - Gnr 79 Bnr 47 mfl - Skipavika Næringspark AS - Gulen kommune - Vestland fylke

Vi syner til brev av 29.6.2023 vedkomande varsel om oppstart av arbeid med endring av detaljregulering for Skipavika Næringspark AS i Gulen kommune. Planprogrammet vert lagt ut på offentlig ettersyn parallelt med varsel om endring av detaljreguleringa.

Hovudføremålet med endringa er å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk med tilhøyrande infrastruktur og faresoner / omsynssoner rundt anlegget. Endringa med storulykkeverksemd skal konsekvensutgreiast.

1. Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjer verdiskaping og medverkar til omstilling til lavutslippsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.


Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet i Gulen kommune rører ved Kystverket sitt saksfelt og vi har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



2. Innspel til planen

Planområdet ligg på vestsida av Brandangersundet i Gulen kommune. På autsida av Brandangersundet har ein industriområda tilknytt Sløvåg.



Godkjent reguleringsplan for Skipavika Næringspark AS vart kunngjort hausten 2018.

Det er nå varsla endring av planen ved å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk. Ammoniakkanlegget skal bestå av prosessanlegg, røyrgater, tårn og piper, lagringstankar, kompressorstasjon(ar) og hamneanlegg.

I planprogrammet er det bekrevet at grøn ammoniakk skal skipast ut frå kaianlegg i front av anlegget. Nødkjølt ammoniakk vert lagra i tankar med temperatur lik $-33\text{ }^{\circ}\text{C}$, før utskiping. Overføring frå tank til fartøy tar ca. 1 døgn avhengig av skipet sin kapasitet. Det er planar om utskiping 2 gantar per månad. Skipavika næringspark har gode hamneforhold med etablert hamneaktivitet og djupvasskaier. Ammoniakkanlegget kan medføre endring av kaifront, og behov for nye kaier.

Det er planlagt ny kabel over Fensfjorden med installasjon av to trafoar/nettstasjonar på industriområdet.

Kystverket vil spele inn at etableringa av produksjonsanlegget fører til at planområdet kjem ut i bileia «Fensfjorden-Søvåg» i Brandangersundet. Omsynssona til verksemda rører ved skipstrafikken bileia:



Data frå Kystdatahuset viser omlag 19 000 passeringar årleg av fartøy som førar AIS-transpondar inn Brandangersundet. Her vist med AIS-spring av nyttetraffikken for året 2022:

Brukerdefinert passeringslinje

Antall passeringar fra 2022-1 til og med 2022-12. Alle tidspunkt er angitt i UTC.
aktiv ut omkrets 2022



Filter
Ingen aktive filter

Viser
19 154
passeringar

TILBAKESTILL ALLE AKTIVE FILTERE

Største dyptgående 24 meter	Største lengde 277 meter	Største bredde 97 meter	Største høyde 58 meter
--	---------------------------------------	--------------------------------------	-------------------------------------


AIS-spring etter lengdegrupper på fartøy:




Hovudtyngda av skipstrafikken er ferja mellom Leirvåg og Sløvåg i lengdegruppa 100-150 meter med om lag 10.000 passeringar pr. år:



Passering etter skipskategori:



Passering etter skipstype:



Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.

2.1 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningsloven sin § 4-1 første ledd, set rammer for kva planar som skal ha planprogram og § 4-2 andre ledd, set rammene for kva planar som skal ha konsekvensutgreiing. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi gjer merksam på at det for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn kan vera krav om konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 4-2.

Kystverket registrerer planstyresmakta si avgjersle om at planen er omfatta av krav til konsekvensutgreiing og har ikkje kommentarar til dette. Vi minner om at føremålet med KU

forskrifta er mellom anna å sikre at omsynet til samfunn og infrastruktur vert ivareteke. Innan samfunn og tryggleik er ferdsle, farleier som inkluderer navigasjonsinnretningar irekna. Konsekvens av tiltaket må vurderast opp mot sjøtransporten og allmenn ferdsle på sjøen.

Med helsing

Marie Gisetstad Andersen

Fung. avdelingsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Eksterne kopimottakere:

Gulen kommune

Eivindvikvegen 1119

5966

EIVINDVIK



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Tippetue Arkitekter AS
Vetrlidsallmenningen 29
5035 BERGEN

Dato: 25.08.2023
Vår ref: 23/03525-2
Deres ref: Endring - PlanID 4635-2023002

Fråsegn til høyring av planprogram og oppstart av endring av reguleringsplan for Skipavika næringspark i Gulen kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 29. juni 2023.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saken

Det er varsla oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan for Skipavika næringspark i Gulen kommune. Hensikten med planendringa er å legge til rette for eit produksjonsanlegg for ammoniakk. Det inneber mellom anna å omdisponere arealformål internt i planområdet og ei utviding av plangrensa. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, men at fleire av dei aktuelle temaa har vore utgreidd i gjeldande reguleringsplan, mellom anna mineralressursar.

Fråsegn frå DMF

Konsekvensutgreiing

Føreslaget til reguleringsendring fører med seg tiltak som vil gi eit ytterlegare masseoverskot. Planprogrammet gjer greie for at pågåande bulksal av tilslagsmateriale frå området òg vil handtere masseoverskotet for dei nye, planlagde terrenginggrepa. Varsla utvida område inkluderer areal som ikkje inngår i gjeldande reguleringsplan eller er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Dersom det skal drivast uttak av massar innafor det utvida arealet, er utvidinga stor nok til at det kan takast ut meir enn 2 millionar m³ massar. Difor bør det vurderast om planen skal utgreiast etter vedlegg I punkt 19, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar.

DMF viser òg til vårt fråsegn til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel, datert 10. desember 2021. Der ga vi fagleg råd til at



konsekvensutgreiinga av mineral i reguleringsplanen for Skipavika måtte kome fram av konsekvensutgreiinga av arealdelen. DMF meiner at denne utgreiinga òg må bli inkludert i den konsekvensutgreiinga som skal bli gjennomført i samband med endringa av reguleringsplanen.

Masseuttak

Generelt om forholdet mellom minerallova og plan- og bygningslova

Vår generelle tilråding er at område kor det skal drivast uttak blir regulert til arealformålet *råstoffutvinning*. Kommunen bør difor nytte moglegheita til å regulere dei resterande områdene kor det ikkje ligg føre konkrete utbyggingstiltak til råstoffutvinning, i tråd med faktisk arealbruk. Det inkluderer område både i gjeldande reguleringsplan og i endra plan kor det skal drivast masseuttak.

Drift, sikring og avslutting av masseuttak blir regulert av minerallova med forskrifter og gjennom eventuelle vilkår sett av DMF. Driftsplan for masseuttaket skal godkjennast av DMF i samband med tildeling av driftskonsesjon. Driftsplanen skal som eit minimum oppfylle krava som følgjer av DMF sin rettleiar for driftsplan. Sjå vår rettleiing til driftsplan for fast fjell¹ for meir informasjon.

Arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegna kan det blant anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Formålet med reguleringsføresegna bør gå klart fram i planomtalen. Vi oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølve drifta av uttaket. Årsaka er at ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ei ny handsaming etter plan- og bygningslova. Eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår. Ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterte forhold. Vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av DMF. Sjå gjerne temarettleiaren om uttak av mineralske førekomstar og planlegging etter plan- og bygningslova².

Konsesjonsplikt etter minerallova

DMF viser til våre fråsegn til førre reguleringsplanarbeid ved oppstart, høyring og endring, datert høvesvis 4. september 2012, 17. oktober 2013 og 14. november 2013.

DMF ga fråsegn om at uttaksverksemda var omfatta av mineralloven, og dermed konsesjonspliktig, utover uttak av 750 000 m³ fast fjell som vart tillaten gjennom ein dispensasjonssak. DMF var ikkje høyringspart i dispensasjonssaka. DMF har seinare motteke dispensasjonsdokumenta saman med ein avklaring frå kommunen om at kommunen ikkje ga tillating til masseuttak i den aktuelle saka. Ut frå kartdata og dokumentar som DMF har tilgjengeleg, har uttaksdrifta gått langt utover dei 750 000 m³ som skulle takast ut som følgje av dispensasjonsvedtaket. Tiltakshavar har uttalt at dei skal ta kontakt med DMF om konsesjonsplikta, men vi kan ikkje sjå at ein slik dialog har funnet sted.

¹ Driftsplanveileder fast fjell:

https://www.dirmin.no/sites/default/files/driftsplanveileder_fastfjell.pdf

² Temaveileder – Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/mineralske_forekomster/temaveileder_mineral.pdf



Ved uttak av massar er det den som er ansvarleg for uttaket som også er ansvarleg for å avklare forholdet til minerallova, og som må syte for at dei naudsynte tillatingar er på plass før uttak kan bli satt i gang.

Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse krev konsesjon³ før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad skal sendast til DMF og blir deretter sendt på høyring til aktuelle partar og lokale og regionale myndigheiter, før konsesjon eventuelt blir gjeve.

For meir informasjon om vurderinga av konsesjonsplikt for masseuttak viser vi til vår artikkel «*Hvilke uttak omfattes av mineralloven?*»⁴.

Ressursgrunnlaget

Innanfor planområdet er pukkførekomsten Skipavika⁵ registrert i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase. Førekomsten er vurdert til å ha nasjonal betydning som byggjeråstoff. Ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg. Det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet.

Areal der uttak skal tillatast bør bli utforma på ein måte som sikrar både at ressursane kan utnyttast i samsvar med geologien i området, og samstundes leggje til rette for formålstenleg og forsvarleg drift. Når det blir planlagd for uttak av fast fjell bør plandokumenta òg innehalde informasjon om geologiske strukturar som oppsprekingsgrad (sprekkanes strøk/fall ut ifrå korleis det er planlagt å drive ut førekomsten) og eventuelle diskontinuitetar (sprekkesonar) i bergarten, dersom det blir vurdert som relevant for utforminga av uttaksområdet.

Plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stades. Det inneber ei utgreiing av estimert totalt uttaksvolum og anteke årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.

Sikring, skjerming og etterbruk

Masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ein fare for omgjevningane. Den som driv masseuttak som er omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. DMF rår til at det blir utforma føresegn som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra.

Dersom det er naudsynt må det leggjast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. Ein bør unngå innsyn frå bustader og ferdselsårer der dette er mogleg. Ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon. Vi rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt oppå, men ved sidan av uttaksområdet, da det ikkje skal skje uttak i områder som er regulert til skjermingstiltak.

³ Søknad om driftskonsesjon: <https://dirmin.no/soknad-om-driftskonsesjon>

⁴ Hvilke uttak omfattes av mineralloven?:

<https://dirmin.no/tema/hvilke-uttak-omfattes-av-mineralloven>

⁵ Skipavika: https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visPukkOmr.php?objid=219770



Det er viktig at det blir sett av tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen til både sikrings- og skjermingstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.

DMF rår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealformålet råstoffutvinning på følgjande, eller tilsvarende måte:

«Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til næringsformål.»

Det er viktig at kommune og tiltakshavar vurderer korleis området skal utformast etter avslutta drift og kva for formål området skal førast tilbake til. Korleis avsluttinga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva slags arealformål uttaket skal bli sett i stand til gjev god kopling til DMF si handsaming av søknad om driftskonsesjon.

Sjå òg vår rettleiar om krav og omsyn til fysiske omgjevnadar⁶.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS	Vetrlidsallmenningen 29	5035 BERGEN
------------------------	-------------------------	-------------

Kopi til:

Statsforvalteren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966 EIVINDVIK

⁶ Veiledere: <https://dirmin.no/regelverk/veiledere>



Statens vegvesen

TIPPETUE ARKITEKTER AS
Vetrlidsallmenningen 29

5014 BERGEN

Ingvill Osland

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
23/126633-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.08.2023

Svar på melding om planarbeid samt offentlig ettersyn av planprogram. Gulen kommune, Vestland. Gbnr 79/47, 79/54 mfl. – Skipavika Næringspark – planID 2023005

Vi viser til brev datert 29.06.2023.

Saka gjeld planarbeid for endring av reguleringsplan for Skipavika næringspark, plan-ID 4635-2012005. Forslag til planendring har plan-ID 4635-2023002 og vil ved vedtak erstatte gjeldande detaljreguleringsplan. Hovudføremålet med endringa er å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende

Statens vegvesen sin merknad i saka

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
0000

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

- Vi legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikktryggleik
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkome for ulike trafikantgrupper
- framkome for naudetatar, renovasjon og andre tenester
- ivaretaking av ovannemnde omsyn også i anleggsperioden

- Utforming av offentleg veg, inkludert kryss og avkøyrslar skal vere i tråd med krava i vegnormalane, inkludert [N100 Veg- og gateutforming](#). Val av løysingar for kryss mot offentleg veg må ta høgde for generell trafikkauke langs det offentlege vegnettet, eksisterande trafikk og den trafikken reguleringsplanen legg til rette for.



- Vi oppmodar til at også private internvegar vert planlagde etter vegnormalane.
- Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekrav som sikrar at løysingar for trafikktryggleik og tilkomst m.m., vert gjennomført i samband med den utbygginga planen legg til rette for.
- Plankart bør vise målsette byggegrenser, siktlinjer/siktsoner. Desse må også vere forankra i føresegner.
- Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikktryggleik og framkome på fylkesveg 5582 skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.
- Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklart med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Tippetue Arkitektur AS

Ingvill Osland

Dykkar ref.

Vår ref.
23/00415-2

Sakshandsamar
Beatrice Frabetti

Dato
01.08.2023

Vedr. - Planprogram - Gulen kommune, Vestland. Gbnr 79/47, 79/54 mfl. - forholdet til marine kulturminne

Me viser til e-post motteke 03.07.2023.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 79/47, 79/54 i Gulen kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Beatrice Frabetti

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Kopi:
Post
marinarkeologi

Vår saksbehandler
Celin Russøy TonheimDokumentdato
24.08.2023
Deres datoVår referanse
2023/8015 TOCE
Deres referanse

Tippetue Arkitekter AS

Vetrlidsallmenningen 29
5035 BERGEN

Uttalelse til høring av planprogram for endring av detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark (planID 4635-2012005)

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til varsel om oppstart av planarbeid med konsekvensutredning og høring av planprogram for endring av detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark (planID 4635-2012005) med høringsfrist 27.08.2023.

Formålet med endringen er å legge til rette for etablering av produksjonsanlegg for ammoniakk i næringsparken. Anlegget vil utløse plikter etter storulykkeforskriften¹.

Fagmyndighet brann- og eksplosjonsvernloven²

DSB er fagmyndighet med ansvar for brann- og eksplosjonsvernloven og tilhørende forskrifter. I denne rollen har DSB en selvstendig innsigelseskompetanse³ i plansaker for planer knyttet til virksomheter som håndterer farlig stoff⁴.

Etter § 14 i forskrift om håndtering av farlig stoff⁵ skal virksomheter som håndterer farlig stoff gjennomføre en risikovurdering for håndteringen, inkludert både interne- og eksterne forhold og uønskede tilsluttede handlinger.

Dersom det basert på risikovurderingen vurderes nødvendig å etablere arealmessige begrensninger for å sikre omgivelsene på en tilfredsstillende måte skal dette opprettes, jf. forskrift om håndtering av farlig stoff § 16. Ved behov for å etablere arealmessige begrensninger, kan dette gjøres gjennom fastsettelse av hensynssoner etter plan- og bygningsloven (PBL).

Samfunnssikkerhet generelt

DSB skal være en pådriver for at lokale- og regionale myndigheter inkluderer samfunnssikkerhet i arealplanarbeidet, mens det er Statsforvalteren som har ansvaret for å påse at dette gjennomføres. I dette ligger det blant annet krav om at det gjennomføres risiko- og sårbarhetsanalyser (ROS-analyser) ved planer for nye utbyggingsområder, jf. PBL § 4-3.

Våre kommentarer:

Det fremgår av forslaget til planprogram at det i forbindelse med søknad om samtykke til håndtering av farlig stoff skal utarbeides en kvantitativ risikoanalyse (QRA), og at denne skal legges til grunn for

¹ Forskrift 3. juni 2016 nr. 569 om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer.

² Lov 14. juni 2002 nr.20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver

³ Rundskriv H-2/14, 17.02.2014 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

⁴ Med farlig stoff menes her brannfarlig-, eksplosjonsfarlig-, trykksatt- og reaksjonsfarlig stoff, jf. brann- og eksplosjonsvernloven § 4 bokstav c.

⁵ Forskrift 8.juni 2009 nr. 602 om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen.

planarbeidet. For ordens skyld ønsker vi å presisere at bruk av våre akseptkriterier⁶ for risiko til utarbeidelse av eventuelle hensynssoner rundt anlegget forutsetter at den kvantitative risikovurderingen er i tråd med våre retningslinjer⁷ for denne typen risikovurderinger. Behovet for eventuelle hensynssoner skal beskrives i planforslaget, og angis på plankartet med tilhørende bestemmelser i reguleringsplanen.

Dere skriver i forslaget til planprogram at både søknad om samtykke til bygging og søknad om samtykke til drift av anlegget skal legges ut til offentlig ettersyn. Det riktige er at kun førstnevnte legges ut til offentlig ettersyn.

Vi viser for øvrig til informasjon gitt i møte 23.08.2023.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Farlig stoff og industrisikkerhet

Brit Skadberg
seksjonssjef

Celin Russøy Tonheim
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

⁶ Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer: <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/sikkerheten-rundt-anlegg-som-handterer-brannfarlige-reaksjonsfarlige-trykksatte-og-eksplosjonsfarlige-stoffer/>

⁷ Retningslinjer for kvantitative risikovurderinger for anlegg som håndterer farlig stoff: <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/retningslinjer-for-quantitative-risikovurderinger-for-anlegg-som-handterer-farlig-stoff2/>

Fra: [Merli, Einar](#)
Til: plan@tippestue.no
Kopi: [postmottak](#); [Fardal, Rune](#)
Emne: Avinor AS - Melding om planarbeid samt offentlig høring av planprogram - Detaljreguleringsplan - Skipavika Næringspark - Gulen kommune - Vestland - Uttalelse fra Avinor
Dato: mandag 28. august 2023 10:15:42
Vedlegg: [image001.png](#)
[image002.png](#)

Tippestue Arkitekter AS
v/ Ingvill Osland

Vi viser til Deres e-post nedenfor av 25.08.2023 vedrørende melding om planarbeid samt offentlig høring av planprogram for detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark, i Gulen kommune, i Vestland fylke.

Etablering av industriområde i Skipavika vil ikke ha noen negative påvirkninger på Avinor sine tekniske systemer, hverken på radionavigasjons-, kommunikasjons- eller overvåkningsanlegg. Vurderingene er gjort med henvisning til *ICAO EUR DOC 015*.

Når det gjelder oppstilling og bruk av kraner, vises til følgende regelverk for rapportering, registrering og merking av luftfartshinder:

<https://luftfartstilsynet.no/aktorer/flysikkerhet/luftfartshinder-oppstilling-og-bruk-av-kraner/>.

Med vennlig hilsen

Einar K. Merli

Arealplanlegger, seksjon Masterplan, flyplassutforming og kapasitet

BÆREKRAFT, KONSEPT- OG INFRASTRUKTURUTVIKLING

einar.merli@avinor.no

Mob: +47 976 51 687

Tlf: +47 67 03 00 00

Drammensveien 144

Postboks 150, 2061 Gardermoen

www.avinor.no



Fra: Ingvill Osland <Ingvill@tippestue.no>

Sendt: fredag 25. august 2023 14:37

Til: Arkiv <Arkiv@avinor.no>

Kopi: Mette Rakner <mette@tippestue.no>

Emne: Melding om planarbeid samt offentlig høring av planprogram. Gulen kommune, Vestland.

Det er ikke ofte du mottar e-post fra ingvill@tippestue.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Hei.

Viser til vedlagt varsel om planarbeid; endring av gjeldende reguleringsplan for Skipavika Næringspark i Gulen kommune gnr. 79 bnr. 47 mfl, Vestland fylke.

Planarbeidet ble kunngjort i lokal avis, Strilen, den 30.06.2023 og varsel er sendt ut til offentlige etater, naboer og andre interessenter.

Varsel til Avinor ettersendes herved sammen med planprogrammet som ble lagt ut på offentlig høring parallelt med kunngjøring og varsling.

Planendringen gjelder et industriområde som er under etablering. Planendringen er hovedsakelig begrunnet i planer om å etablere en ammoniakfabrikk / produksjonsanlegg for grønn ammoniakk, og medfører krav om konsekvensutredning etter §6 bokstav b i Forskrift om konsekvensutredning. Se melding om oppstart og planprogram for mer informasjon.

Vi vil sette stor pris på om dere i første runde kan gi oss en overordnet tilbakemelding på om dette er en aktuell sak for Avinor å uttale seg til, og om dere ønsker å komme med merknader til planprogrammet, gjerne så snart som og helst innen 4. september.

Videre merknadsprosess utover dette kan vi snakkes nærmere om, dersom aktuelt.

Ta gjerne kontakt dersom dere har spørsmål. På forhånd tusen takk, og hører fra dere.

Med vennlig hilsen

Ingvill Osland

M. Environmental Mgmt./Faglig leder plan

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Tippetue Arkitekter AS, Plan og Arkitektur

Vetrlidsallmenningen 29

5035 Bergen

Tlf: 55563301

Mobil: 97606746

Fra: [May-Lynn Osland](#)
Til: [Ingvill Osland](#)
Emne: VS: Planendring Sløvåg
Dato: mandag 28. august 2023 10:46:23
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei

Her er tilbakemelding frå brannførebyggjande ifm planiniativet som dykk må ta med i saka

Med venleg helsing

May-Lynn Osland

Plankonsulent

Tlf: 57782046

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Frå: Gjert Holtan <gjert.holtan@alver.kommune.no>

Send: mandag 28. august 2023 10:36

Til: May-Lynn Osland <may-lynn.osland@gulen.kommune.no>; Lars Jørgen Svendsen <lars.jorgen.svendsen@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Ole Johan Ingebrigtsen <ole.johan.ingebrigtsen@alver.kommune.no>

Emne: SV: Planendring Sløvåg

Hei May-Lynn.

Da har vi sett røffleg gjennom planiniativa til Skippavika og Sløvåg Næringspark.

Det er veldig fint at vi får delta i arbeidet og vi vil komme med innspel etterkvart som planarbeidet går framover.

Det vi kan nemne så langt er at begge planområda vil verte underlagt Storulukke forskrifta og kommunas eige ROS arbeid med dei avgrensingar og informasjon som kjem fram der.

Eg kan nemne

- Eigen ROS for områda
- Tilpassa og eigna industrivern, iht regelverk NSO
- Samøving med nødetatane
- Tilpassa beredskaps utstyr
- Tilstrekkeleg tilkomst til naudetatane
- Tilstrekkeleg og avklara moglegheit for slokkevatn.

Det må i tillegg tilpassa kommunes brannros, ansvar for denne er brannsjefen i Gulen

Brannførebyggjande avdeling ønsker å bli sett inn på høyringslistane slik at ein får fortløpande informasjon i sakar som dette.

I den grad Gulen kommune ønsker det kan brannførebyggjande avdeling delta på møter undervegs.

Mvh

Gjert Holtan | Branninspektør | Tlf : kontor 40 80 35 88 - Privat 958 81 888

Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB)

Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommuner



Saman for ein branntrygg kvardag

Postadresse - Postboks 4, 5906 Frekhaug
Besøksadresse - Stølen 7, 5911 Alversund
Innbyggjarservice: 56 37 50 00



Tippetue Arkitekter AS, Plan og Arkitektur

Saksbehandlar, innvalstelefon

Diana Ekren Grundt, 5764 3152

Arve Meidell, 5557 2110

Helle Holte Bruland, 5657 2324

Uttale til oppstart og høyring av planprogram – endring av reguleringsplan - Skipavika Næringspark – Gulen kommune

Vi viser til oversending datert 29.6.2023 med varsel om oppstart av planarbeid for endring av reguleringsplan for Skipavika næringspark. Det aktuelle området ligg i Skipavika, på nordsida av Fensfjorden, i Gulen kommune. Framlegg til planområde er på 1843874 m², og omfattar gbnr. 79, bnr. 47, 53, 54 samt delar av bnr. 1, 33, 36, 52 og ein mindre del av bnr. 11. Statsforvaltaren i Vestland har fått utsett uttalefrist til 06.09.2023.

Føremålet med planarbeidet

Formålet med planen er å endre gjeldande reguleringsplan, legge til rette for framtidsette og aktuell arealbruk, og legge til rette for verksemd som fell inn under storulykkesforskrifta. Ein ønskjer å legge til rette for produksjon av grøn ammoniakk med omkringliggjande faresoner/omsynssoner, og endre planen slik at industriområdet får ei mest mogleg hensiktsmessig utforming for planlagt industriaktivitet og for framtida som maritim klynge.

Delar av området er ikkje i samsvar med overordna plan, og reguleringsplanen er venta å få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Generelt

Tilkomst: I «Melding om oppstart av planarbeid» står det øvst på side 2 at «Forslag til planområde (...) har tilkomst frå Sandevegen, fylkesveg 5582». Dette vil vere strid med meklingsresultat mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Gulen kommune i 2016, som seier at den vegen skal vere stengd for gjennomkøring. Vi ber om at dette vert endra.




Figur 1 - varsla planområde (oversending)



Planavgrensning: I planprogrammet (datert 29.6.23) står det nedst på side 9 om planavgrensinga: «Forslag til utviding av planområdet i sørleg del tar høgd for areal til ytre faresone/omsynssone rundt ammoniakkanlegget. Utviding i nord mot sjø og vest for veg er gjort etter innspel frå Gulen kommune». Vegen fungerer i dag som grense mellom industriområdet og naturtypelokaliteten BN00031406 Midtbøfjell, som består av kystlynghei av verdi A (svært viktig). Området er også hekkeområde for høgt raudlista fugleartar, og vi ber om at utvidinga av planområdet ikkje inkluderer areal vest for vegen. Det er rett nok føreslått ei utviding av planområdet for industriområdet i sør for å få plass til omsynssonene rundt ammoniakkanlegget. Dette skal, etter det som er opplyst, ikkje bety noko for arealbruken, men dersom det er mogleg bør omsynssonene likevel leggjast inn uavhengig av industriområdet, slik at det ikkje skal vere nokon tvil om at vegen utgjør planrensa for industriområdet.

Arealdel til kommuneplanen

I gjeldande arealdel 2012 - 2024 er området sett av til næring, farlei, hamn, naturområde, LNF, byggje- og anleggsområde. Ny arealdel til kommuneplanen er under arbeid. Det er opplyst i referat frå oppstartmøte at tiltaket er i tråd med overordna politiske føringar om grøn omstilling.




Figur 2 – utsnitt frå arealdelen og frå gjeldande reguleringsplan (fylkesatlas.no)

Våre merknadar

I framlegg til planprogram, datert 29.06.2023, er det varsla at plantiltaket i all hovudsak gjeld eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk i Skipavika Næringspark, men at intensjonane om maritim klynge og landbasert oppdrettsanlegg i gjeldande reguleringsplan skal vidareførast. Gjeldande plan vart vedtatt og godkjent i 2018, etter ei utviding av den opphavlege planen som er frå 2013.

Planarbeidet utløyser plikt til konsekvensutgreiing. Framlegg til planprogram fokuserer på ammoniakkanlegget, forklart med at omliggande omsyn og verdiar er grundig skildra i tidlegare planarbeid og konsekvensutgreiingar. Ammoniakkanlegget er planlagt på gnr. 79, bnr. 54 og dels inn på bnr. 47:



Figur 3 – syner arealet der ammoniakkanlegget er planlagt. (fylkesatlas.no). t. h. førebels skisse av anlegget (planprogram)

Ammoniakkanlegget består av prosessanlegg, rørgater, tårn og piper, lagringstankar, kompressorstasjon og hamneanlegg. Eksakt bygningsvolum og byggehøgde for ammoniakkanlegget er ikkje kjent, men planprogrammet skisserer at det er realistisk at fakkeltårn er 60 meter og hovuddel for prosessanlegget er 35 meter. Produksjonseiningane vil krevje elektrisk kraft, kraftbehovet for anlegget er 130 MW. Sluttproduktet «grøn ammoniakk» er tenkt skipa ut frå kaianlegg i front av anlegget.

Konsekvensutgreiing

I planprogrammet er det sagt at kunnskapsgrunnlaget er godt, og at plan- og tiltaksområdet er avklart med tanke på blant anna landskap, strandsone, mineralressurs, naturmangfald – og miljø (marint, ferskvatn og terrestrielt), kulturmiljø/minner m.m.

På side 14 i planprogrammet står det at produksjonsanlegg for ammoniakk er automatisk omfatta av «vedlegg I» i forskrift om konsekvensutgreiing. På side 18 – 24 står det at areala som elles inngår i planen allereie er konsekvensutgreidd fleire gonger i tidlegare vedtekne planar, og at ein no berre vil utgreie tema «forureining – luft, vatn, grunn og støy» medan ein vil utgreie beredskap ogulukkesrisiko som del av ROS-analysen. Det er bra at ein vil utgreie ammoniakkanlegget i høve «forureining – luft, vatn, grunn og støy,» men vi stiller spørsmål ved at ein meiner at planarbeidet ikkje utløyser plikt til konsekvensutgreiing ut over dette. Vi vil òg påpeike at eit stort område ikkje er i samsvar med overordna plan, og at dette arealet må bli tilstrekkeleg utgreidd i samsvar med dei reglane som ligg til plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar.

I planprogrammet (under m.a. friluftsliv og naturmangfald,) står det at «storulykkeverksemda har ingen direkte arealbeslag utover industriområdet, heller ikkje direkte konsekvensar for naturverdiar». Slik vi ser det vil tiltaket ha verknadar både praktisk, visuelt og risikomessig langt utover sjølv arealbeslaget under tiltaket, og vil klart kunne få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Til dømes vil sikkerheitssonen ved eit stort ammoniakkutslepp kunne være inntil 10 000 meter. Dette vil då omfatte store delar av innseglinga til Fensfjorden, industriområda på Mongstad og Sløvåg, fleire bygder og lokalsamfunn.

Sjølv om området er tidlegare utgreidd i høve gjeldande reguleringsplanar, så tek ikkje utgreiingane utgangspunkt i planlagt arealbruk. Konsekvensutgreiinga må leggje fram avgjerdsrelevant kunnskap og informasjon slik at det vert mogleg å ta stilling til om planen kan gjennomførast, og eventuelt på kva vilkår. Slik drøfting må gå klart fram av plandokumenta og leggjast til grunn for utforminga av



planen. Vi syner til at dersom det manglar informasjon om viktige tilhøve, så skal ny informasjon hentast inn som del av konsekvensutgreiingsarbeidet, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.

Vi ber om at ein gjer ei ny vurdering av i kva grad planarbeidet utløyser KU-plikt for tema beredskap og ulukkesrisiko, folkehelse, naturmangfald, kulturlandskap og landskap (nær og fjernverknad) - og at ny oppdatert kunnskap vert lagt til grunn for konsekvensutgreiinga og planarbeidet, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.

Verknaden for nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål må òg gjerast greie for, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21. Usikkerheit og kunnskapsmanglar som kan påverke samanstillinga av informasjonen skal også gjerast greie for, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 22. Samfunnsnyttan av prosjektet må synleggjerast i avgjerdsgrunnlaget, og det må skildrast kva tiltak som er planlagt for «å unngå, begrense, istandsette og hvis mulig kompensere for vesentlige skadevirkningar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen», jf. KU-forskrifta § 23.

Vurdering av alternativ

Av framlegg til planprogrammet kjem det fram at realiseringa av ammoniakkanlegget er avhengig av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) si vurdering av om tiltaket har eit akseptabelt risikonivå eller ikkje. Det er vidare sagt at ein i planomtalen vil skildre vurderingane som ligg til grunn for endeleg plassering av ammoniakkanlegget innanfor industriområdet. Det står òg (s. 26) at det ikkje vert gjennomført alternativ vurdering kring plassering av anlegget, og at det er DSB som avgjer dette. **Vi vil understreke at kommunen likevel må ta aktivt stilling til om det er ønskeleg med eit slikt anlegg i området – og til om kommunen vil akseptere potensiell risiko opp mot innbyggjarane og omkringliggjande verdiar og interesser.** Vi meiner òg at det må gjerast alternative vurderingar og vurderingar kring eventuelle avbøtande tiltak.

Samfunnstryggleik og beredskap/ROS- analyse

Statsforvaltaren ønskjer generelt større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane sine planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar. Det går òg fram av m.a. av plan- og bygningslova § 3-1 bokstav f, g og h at kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si.

Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. ROS-analysen må avklare om arealet er eigna til planlagt føremål.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer t.d. kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred. Vidare viser vi òg til ymse sektorlovgiving og temarettleiarar frå DSB med omsyn til fastsetjing av t.d. sikkerheitsavstandar rundt storulykkeverksemdar og anlegg som handterer brannfarlege, reaksjonsfarlege, trykksette og eksplosjonsfarlege stoff. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko (fastsetje sikkerheitsmål) og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) og [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#) og til [Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden](#) der det i sistnemnde m.a. står:



«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. *Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.»*

Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans.»

Stort sett erfarer vi at kommunane er flinke til å identifisere og vurdere naturfare i planprosessane, medan verksemdsbasert risiko/sårbarheit og viljestyrte hendingar i mindre grad vert vurdert. Vi minner difor særskilt om at dette òg må vurderast som del av ROS-analysen. Tilsvarende er ein ofte god på å identifisere risiko, men mindre god på å identifisere sårbarheiter som t.d. sårbare objekt, funksjonar osv.

I denne konkrete saka er det snakk om etablering av eit tiltak som m.a. er underlagt reglane i storulykkeforskrifta. Vi gjer merksam på at sjølv om DSB ev. gjev samtykke til etablering, så er det framleis kommunen som er arealplanmyndigheit og som må gjere naudsynte vurderingar og tiltak knytt til arealmessige avgrensingar rundt eit slikt anlegg/industriområde. Ved ei eventuell større uønskt hending som involverer ammoniakk kan det vere behov for å opprette store sikkerheitsavstandar. T.o. går det fram av «Farlig gods-permen» (sjå www.farliggodspermen.no) at sikkerheitsavstanden ved eit stort ammoniakkutslepp (t.d. brot på kopling, rør eller slange) kan vere opptil 10 000 meter. Det er viktig at kommunen gjer grundige vurderingar av om arealet er eigna til føremålet, òg i eit tryggleiksperspektiv.

Vi ser det som særst viktig at kommunen faktisk tek aktivt stilling til spørsmålet om kva som er akseptabel risiko. Kommunen bør vidare òg medviten på kva følgjekonsekvensar ei slik etablering vil kunne medføre for krav til kommunens eigen beredskap (brann, helse osv.).

Statsforvaltaren vil særleg understreke behovet for at ROS-analysen må ta høgde for mogelege domino/kaskadeeffektar, ikkje berre hendingar knytt til einskildverksemder, slik at ein får fram eit heilskapleg risiko/sårbarheitsbilete. Til dette ligg òg ei vurdering av viljestyrte hendingar (terror/sabotasje). Vidare må kommunen gjennom planføresegnene sikre at ein òg i framtida har kontroll med risiko og sårbarheit i eller rundt planområdet, t.d. ved framtidige endringar i risikobiletet som følgje av endringar i planområdet som t.d. nye bygg og anlegg, nye verksemder/aktivitetar osv. I så måte er det viktig å ikkje berre vurdere risiko knytt til det einskilde tiltak/objekt/aktivitet isolert sett, men òg samla risiko i området.

Utover dei kvalitets-/dokumentasjonskrav som m.a. går fram av kapittel 3 i DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging», så vil det i denne saka vere behov for å stille konkrete kompetansekrav til den/dei som skal utarbeide ROS-analysen. Statsforvaltaren viser i så måte til NVE sine krav til den/dei som skal utføre t.d. skredfarevurderingar og meiner kommunen bør leggje tilsvarende kompetansekrav til grunn òg for andre analysetema dersom det ikkje ligg føre andre og strengare krav knytt til dei einskilde utgreiingstema. Det inneber m.a. at berre føretak med naudsynt (spiss-)kompetanse på respektive utgreiingstema (t.d. skred, flaum, brann, eksplosjon, gass, osv.) kan utføre ROS-analysar. I tillegg må utførande føretak ha forsikring(ar) som dekkjer eventuelt erstatningsansvar som følgje av feil/manglar med den utførte risikovurderinga. Både kompetanse og forsikringsdekning skal dokumenterast som del av leveransen. Dette stiller krav til



bestillerkompetanse hjå oppdragsgjevar (kommunen/arealplanmyndigheita) for å få eit godt resultat/produkt.

For utfyllande informasjon om NVE sine krav til utførande syner vi til:

<https://veileder-skredfareutredning-bratt-terreng.nve.no/kompetanse/?ref=mainmenu>

Naturmangfald

Området der det er planlagt ammoniakkfabrikk, og områda rundt, er registrert med m.a. kystlynghei og hubro. Skipavika er nabo til eit av dei største lyngheiområda i gamle Sogn og Fjordane, som òg står på kandidatlista til frivillig vern. Gulen kommune har som planmyndigheit eit særskilt forvaltningsansvar for denne naturtypen, som er ein utvald naturtype etter § naturmangfaldslova § 52 og Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven (FOR-2011-05-13-512). Vi viser her til naturmangfaldlova § 53 der det går fram at «ved utøving av aktsomhetsplikten etter § 6 skal det tas særskilt hensyn til førekomster av utvalgte naturtyper for å unngå forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand». Kystlynghei inngår i nasjonal raudliste for naturtypar 2018 og har status som sterkt truga (EN). Det er relevant å leggje til grunn forvaltningsmål for økosystem og naturtypar, jf. nml. § 5.

Planarbeidet må gjere då greie for korleis ny bruk i området med produksjon av ammoniakk vil kunna kombinerast med skjøtsel av lyng (som til dømes lyngbrenning), og verknadane av endra arealbruk må konsekvensutgreiast. Ein må òg vurdere om arealbruken vil legge føringar på vidare utvikling (t.d. jf. sikringssoner) og ev. presse anna industri inn i lyngheia mot nord i framtida.

I forslag til planprogrammet er det sagt at kunnskapsgrunnlaget er godt, då eksisterande industriområde er regulert etter plan- og bygningslova og utgreidd etter KU- forskrifta. Det står òg at plan- og tiltaksområdet er avklart med tanke på mellom anna landskap, strandsone, mineralressurs, naturmangfald- og miljø (marint, ferskvatn og terrestrielt), kulturmiljø/- minner m.m. Vi vil påpeike at det er viktig at kunnskapsbehovet står i samsvar med omfanget av planen og verknader av tiltaka.

Vi ber om at konsekvensutgreiingsarbeidet hentar inn oppdatert kunnskap kring verknadar for naturmangfald.


Berekraftig massehandtering i plan

Berekraftig massehandtering er ei nasjonal interesse. FNs berekraftsmål og nasjonale forventningar må løftast fram i planomtalen. Reduksjon av transport/transportavstandar må vere eit tema, og KU/ROS bør vere tilstrekkeleg opplyst kring temaet massehandtering.

Dersom det veret vurdert i planarbeidet om det fyllast ut i sjø, må det gjerast greie for kva type massar som skal nyttast, kor mykje ein vurderer å fylle, og gjere greie for moglege avbøtande tiltak. Det bør òg synleggjerast korleis planframlegget held seg til anna lovverk (til dømes forureiningslova, forureiningsforskrifta, naturmangfaldlova). Dumping av massar i sjø krev løyve frå Statsforvaltaren. Det må gå fram av dokumenta om planen fører til masseoverskot/masseunderskot, og om det er vurdert plangrep som balanserer dette. Dersom det er aktuelt med stor omdisponering av massar internt, eller mottak/mellomlagring/lokal tilarbeiding/ bortkøying av massar, bør det utarbeidast ein massehandteringsplan. Massehandtering skal i alle høve vurderast i reguleringsplanar, i tråd med ressurspyramiden (sjå nedanfor), der deponi er siste utveg. Det er ikkje tilstrekkeleg om planen legg føringar for at massehandteringa skal avklarast som del av *framtidige* driftsplanar,



massehandteringsplanar, situasjonsplanar eller ved byggesak. Avklaring av massehandtering skal skje som integrert del av planarbeidet.



Figur 4 – ressurspyramide for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikkje er forureina (SFVL, 2023)

Medverknad

Alle som legg fram eit planframlegg skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. plan- og bygningslova § 5-1, og kommunen skal gjennom heile planarbeidet sørge for open, brei og tilgjengeleg medverknad og dialog. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging. Etter kommunelova § 5-12 skal kommunen òg ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing – vi oppmodar til at det også vert henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Plan- og bygningslova § 3-3 viser til at kommunen skal ha ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i plan- og byggesak. Vi føreset at barn og unge sin representant i Gulen kommune blir orientert og gjort kjent med planarbeidet.

Vi vil elles be kommunen vurdere å ta planprogrammet opp til drøfting i regionalt planforum før fastsetjing, jf. plan- og bygningslova § 5-3. Vi syner til [«retteiar om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova, 2021»](#), s 18.

Vi legg til grunn at våre merknadar vert følgt opp i der vidare arbeidet, og vi vil vil då kunne vurdere verknadane av planen på våre forvaltningsområde, når den vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi stiller oss elles positive dersom de ønskjer dialog i prosessen fram mot dette.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Helle Holte Bruland
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

TIPPETUE ARKITEKTER AS
Vetrlidsallmenningen 29
5014 BERGEN

Dato 05.09.2023
Vår referanse 2023/67108-4
Dykkar referanse
Sakshandsamar Ingeborg Klokkersund Djupevåg
E-post Ingeborg.Klokkersund.Djupevag@vlfk.n
Telefon 0
57638130

Fråsegn til varsel om oppstart av detaljregulering - Skipavika Næringspark - planID 4635 2012005 - Gulen kommune

Vi viser til brev datert 29.06.23 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Skipavika næringspark i Gulen kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for produksjon av grøn ammoniakk med tilhøyrande infrastruktur og faresoner / omsynssoner rundt anlegget. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring. Gjeldande reguleringsplan § 1.8.2 legg ikkje til rette for etablering av storulykkesverksemdar. Det er hovudsakleg med denne bakgrunn at forslag til planendring vert fremja. Planendringa / reguleringsplanen skal ikkje leggje til rette for eit nytt tiltaksområde. Føreslått utviding av planområdet mot øst og vest vil ikkje medføre endra arealbruk, men gjeld omsynssone. Gjeldande kommuneplan legg ingen restriksjonar på arealbruk innafør næringsområdet (sosikode 1300, næringsbebyggelse) i Skipavika.

Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing innanfor nokre tema. Dei fleste tema er allereie utgreia etter forskrifta i forbindelse med tidlegare planarbeid. Utgreiingstema som ikkje er konsekvensutgreia i forbindelse med gjeldande reguleringsplan gjeld hovudsakleg samfunnsikkerheit og forureining.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Samferdsel

Av det som går fram av planendringar av eksisterande reguleringsplan til Skipavika næringspark, er det ingen endringar som har vesentleg påverknad på fylkesvegnettet. Infrastruktur og veg vil likevel kome med informasjon rundt fylkesvegnettet, samt spele inn ønske om nokre justeringar til arealplankartet.

Infrastruktur og veg er eigar av gbnr. 79/52, ein vegparsell som går langs Skipavika næringspark, frå Sverdholda i nord til Skipavikhaugen i sør. Langs vegen er det to avkøyrslar til næringsområdet, og i tillegg er det ein hovudtilkomst heilt i sør ved Skipavik ferjekai, nær Skipavikhaugen. Vegen driftast av fylkeskommunen, men er enda ikkje omklassifisert til fylkesveg. Dette er ein pågåande prosess der fylkeskommunen er i dialog med Gulen kommune om få gjennomført omklassifiseringa som gjeld denne vegparsellen, samt Skipavika ferjekai. Slik vi ser det så skal ikkje omklassifiseringssaka har noko påverknad på reguleringsendringa.

Når det kjem til omsynssona til ammoniakkanlegget, der framtidige anlegg og bygningar må ta omsyn til eksplosjonsradiusen ved eventuell storulykke, forventar vi at fylkesvegen hamnar i enten den midte eller ytre omsynssone.

Vi tolkar det slik av planprogrammet at veginfrastrukturen på land dekker det landbaserte transportbehovet til Skipavika næringspark. Det er ikkje registeret behov for fleire avkøyrslø eller naudsynte tiltak langs vegen på gbnr. 79/52. Framtidig situasjon med ammoniakkanlegg vil i hovudsak basere seg på frakt via sjøvegen.

Vi ber om at eksisterande veg og avkøyrslø med tilhøyrande målsatte siktsonar vert vidareført. Vidare må det gjerast ein korrigerert plassering i plankart på den eine avkøyrslø, sidan vegen er bygd lengre vest enn kva eksisterande reguleringsplan har lagt opp til. Det er ikkje meldt behov for fleire avkøyrslø til næringsområdet, dermed rekna vi med at eksisterande veginfrastruktur vert vidareført utan endringar.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på vidareføring av eksisterande veg og avkøyrslø med tilhøyrande målsatte siktsonar, og at det gjerast ein korrigerert plassering i plankart på den eine avkøyrslø.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingeborg Klokkersund Djupevåg
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:
Aleksander Øren – INV, forvaltning Vestland

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER